



**HJELMELAND
KOMMUNE**

The background of the page is a scenic landscape. In the foreground, there is a field of tall grasses and numerous white, fluffy flowers, possibly cotton grass, which are in focus. Beyond the field is a wide, calm lake that perfectly reflects the sky and the surrounding landscape. The sky is a clear, light blue, suggesting a bright day. In the distance, there are rolling hills and a prominent, dark, rocky cliff face on the left side. The overall atmosphere is peaceful and natural.

KODEJAKTA 2021

KODEJAKTA 2021

Så er me i gang igjen. Konkurransereglane er dei same som før: På 11 ulike turmål i Hjelmeland kommune har me plasserte ein kode. Turane varierer ein del. Du vil finna både relativt lange og krevjande turar, men også nokre korte turar langs skogsvegar. Desse kan vera greie for deg som har barnevogn, eller motorisert rullestol, og er merka med eit grønt punkt.

Så har me som i fjor lagt inn ei spesiell utfordring: Nemleg turen til Fjellsenden. Den er vel mest som ein liten «ekspedisjon» å rekna, for her bør du leggja inn ei overnatting, dersom du skal få best mulig utbytte av turen? Hugs å reservere hytta pga korona.

For kvar kode du finn og noterer deg, aukar vinnarsjansane dine. Finn du alle 11 kodane så deltek du altså i friuftskonkurransen vår med heile 11 «lodd».

I dette heftet vil du finna kart og ei rettleiing til kvar tur. Ruta som er streka inn på kartet er nok ikkje heilt nøyaktig, men vil likevel vera til god hjelp når du skal ta deg fram til koden. Me håpar elles at det skal vera såpass greitt merka og skilta at du vil finna fram. Hugs likevel å ta med deg eige kart og studer ruta i denne brosjyren nøye før du startar på turen.

Karta i dette heftet er små og det kan kanskje derfor vera ei utfordring å finna ut kvar i kommunen du skal starta på turen. Har du tilgang til facebook så vil du her finna digitale kartlenker til kvar tur. Dette vil gjera det enklare å sjå kvar i

Hjelmeland kommune dei enkelte turane er å finna. Du vil også finna digitale lenker på Hjelmeland kommune si heimeside.

Så må du hugse bandtvang og at du elles tar omsyn til dyr på beitel!

Konkurranseregjar

Ved kvart turmål skal du kunne finna ein kode som du må notera deg.

Finn du alle 11 kodane så har du altså 11 vinnarsjansar i Kodejakta 2021, men du kan delta sjølv om du ikkje finn alle kodane.

For å delta i trekkinga må du senda oss ei melding om kvar du fant dei forskjellige kodane. (Eks: Tofjell SK 234) Du kan bruka skjemaet i dette heftet, eller berre senda svaret dittviae-posttil:postmottak@hjelmeland.kommune.no innan 16. oktober 2021.

God tur!

Premiar:


1. 12 stk. Salina allround glas og 1 stk. dekanter frå Hadeland Glassverk
2. Kikkert type Binoculars 8x42
3. Stormkjøkken 9 deler
4. Termos stål 1,0 liter
5. Speilkompass
6. Førstehjelpsett
7. 1 pk. Real turmat
8. 1 pk. Real turmat suppe



1. Fisterfjellet

På Fister, rett overfor butikken, svingar du inn på Solbjørvegen. Kjør ca 4 km opp til parkeringsplassen som ligg på høgre side av vegen. Frå parkeringsplassen må du gå 5-600 m tilbake, før du svingar inn på skogsvegen opp mot Fisterfjellet.

Sjå skiltet **«Kodejakta»** Første del av turen stig det nokså kraftig før terrenget flatar ut fram mot utsiktspunktet. Her er det nokså bratt utfor, så dei ivrigaste bør bremsa opp litt det siste stykket fram mot målet. Du bør rekna ca 1,5 time tur/retur.



2. Loftshei

Start frå Ingvaldstad, på Rv13 sitt høgaste punkt mellom Årdal og Hjelmeland.

Følg vegen som går inn mot skytebanen og sving av mot venstre der du ser skilta som viser veg mot Loftsheia og Lauvåsen. Stien går i nokså lett, men stadvis litt vått terreng første del av løypa, før den stig opp mot Loftsheia. På Loftsheia vil du møte to gjerde-

klyvarar, ved den siste heng det ein turbokasse. Gå over denne gjerdekløyaren og gå vidare på stien ca 150 m. Sving deretter til høgre og ned på ein liten berg-knatte.

Koden finn du i ei bjørk på vestsida av denne. Du bør sette av ca 2,5 time til denne turen.



3. Litlavatnet

Start frå parkeringsplass i vest-enden av Hetlandsvatnet på Fister. Følg stien slik den er merka av på kartet. Denne turen kan det vera mulig å kjøra med rullestol dersom den har terrenghjul og du likar ei utfordring. Lengde ca 2 km tur/retur.



4. A. Huldremyrane

I Årdal kjører du inn vegen mot Eventyrskogen, og vidare på bomveg opp til Røgle. Her er det parkeringsplass. (Du skal ikkje kjøra mot Skogerbø og du skal ikkje kjøra over brua mot Måmyra). På Røgle kan du velja kva retning du vil gå denne rundløypa.

Du kan gå vegen inn mot Kaldavatnet, (ca 3 km) Då passerer du parkerings-plassen her, gå ca 300m vidare på sti og svingar ned til utosen ved Kaldavatnet. Gå over brua her og sving straks til venstre når du er over brua. Herfrå følg du merka sti som går vidare tilbake til Røgle igjen.

Eller du kan gå opp Valheimsskaret og følgje stien «Kaldavatnet rundt» fram til skiltet «Kodejakta». Kartet viser kvar koden er plassert. Ved Lomslid-tjødnane vil du på øvre sida av stien kunne sjå «Tvilling-steinane» og informasjonstavla som fortel om den tragiske hendinga her.

ca 3 timar.

Fleire turtips?

Dersom du er på jakt etter fleire turtips så kan du finna opp mot 70 tidlegare Kodejakt-turar her: <https://www.hjelmeland.kommune.no/.../frilu.../konkurransar/> Eller gå inn på: www.hjelmeland.kommune.no på knappen «Kultur, fritid og formasjon» her ligg det fleire turforslag.



Sjå også facebook: Turpostane på topp i Årdal.



4. B. Strandbufjellet

Dersom du ikkje ynskjer å gå rundturen via Huldremyrane, kan du prøva denne turen. Men du kan ikkje føra opp både Huldremyrane og Strandbufjellet i skjemaet ditt. Du må velja ein av desse turane.

I Årdal kjører du inn vegen mot Eventyrskogen og vidare opp dalen heilt til Røgle. (slik som turen til Huldremyrane)

Frå Parkeringsplassen på Røgle går du over brua og vidare ca. 1 km innover lia. Denne turen er nokså grei dersom du har motorisert rullestol, eller barnevogn.




5. Randåsen

Start frå p-plass like ved bilvegen og følg skogsvegen oppover. Etter ca 2-300 m gange vil det dukka opp to sti-alternativ som begge går til Randåsen. Vegen som går i nordleg retning er stort sett fin grusveg 5-600 m vidare. Går du mot sør-aust vil du kunne gå på naturleg sti.

I enden av denne skogsbilvegen finn eit kodeskilt. Du kan notera deg denne koden, eller gå vidare mot toppen og ny kode. Men du kan berre notera ein av desse kodane. Ved turmålet på toppen av Randåsen, bør du snu og gå same vegen tilbake. (Grunna arbeid i steinbrotet må du ikkje gå den «gamle» stien som i si tid utgjorde ei rundløype.)

Du bør ha min. 2 timar tur/retur



6. Rabnafjellet

Ta av frå RV-13 der du ser skiltet Geisfjell. Kjør opp til parkeringsplassen på Geisfjell. Herfrå går du på merka løype som om du skulle til Glos. Stien går først gjennom utmark før du kjem opp på landbruksvegen som du skal fylgja oppover lia. På venstre side av vegen vil du omsider sjå eit lite skilt som viser veg til Glos, passer dette skiltet med ca 100 m og sving av til høgre ved kodejakt-skiltet. Følg deretter merka sti opp til Rabnafjellet.

Tur/retur ca 2 timar.



7. Valafjellet


Utgangspunkt er Foss, sjå kart. Følg skogsveg frå Foss til Skiftustøl. Ta av på sti i retninge Gunlanuten. Deretter følg skilt mot Valafjell 713 moh.

Ca 4-5 timar



8. Heiakodl

Frå Hjelmelandsvågen føl du merka sti via Strangjatonå, forbi Knuten til du møter Hagalid-stien. Denne stien går bratt opp gjennom beite og granskog og vidare inn til Heiavarden ca 380 moh. Siste del av stien frå Heiavarden til Heiakodl går i ope flott terreng med småskog, berg og små myrparti. Frå Heiakodl kan du ta same vegen tilbake, eller følgje Hagalidvegen tilbake til Hjelmelandsvågen. Lengde ein veg ca 4 km.




9. Oksabåsen

I Vormedalen kjører du i retning Tøtlandsvik, men tar av mot Fundingsland, - du ser skiltet ved brua. Etter at du har kjørt oppover langs flotte fossefall, kjem du til Djupadalsvatnet. Her svingar du av til venstre og parkerer slik at du ikkje er til hinder for skogsdrifta her. Følg Vormelandsvegen forbi bommen og vidare innover. Etter kvart vil du sjå bygget til ei gamal sag på høgre side av vegen. Passer saga med ca 50 m, sving til høgre over bekken. Følg deretter merka sti inn mot Oksabåsen. Ca 3 timar tur/retur



10. Skjeneheia

Frå parkeringsplassen på Bjødnabu føl du vegen som går opp bakken mellom skihytta og toalettet. I enden av denne vegen vil du finna ein kode. Dersom du ikkje ynskjer å gå lenger kan du notera deg denne koden. Dersom du vil ha ei større utfordring kan du følgja merka løype heit til toppen av Skjeneheia. Ca 1,5 -2 timar tur/retur. Mrk: Du kan berre notera deg ein av desse kodane.



11. Fjellsenden

Koden på Fjellsenden vil du finna oppi turkassen på den flotte varden.

Du kan nå fram til Fjellsenden via fleire rutevalg, men her vil me anbefale at du nyttar deg av Stavanger Turistforening si turrettleing. Sjå lenke nedanfor. Men det er veldig viktig å merka seg at denne stien ikkje går inn på Fjellsenden, den passerer på sørsida av denne. Du må sjølv finna fram frå stien og bort til Fjellsenden. Me vil derfor sei at du bør ha kunnskap om orientering i fjellet dersom du vil ta deg fram til koden her.

Sjå lenke: <https://ut.no/turforslag/114957/fjellsenden-naturens-utstillingsvindu>

Svarskjema

Nr	Namn på tur	Besøkt dato	Kode
1	Fisterfjellet		
2	Loftshei		
3	Litlavatnet		
4 A	Huldremyrane		
4 B	Strandbufjellet		
5	Randåsen		
6	Rabnafjellet		
7	Valafjellet		
8	Heiakodl		
9	Oksabåsen		
10	Skjenehei		
11	Fjellsenden		

Namn:

Adresse/epost:

Telefon:

Fjellvettreglane:

- Planlegg turen og meld frå kvar du går.
- Tilpass turen etter evne og forhold.
- Ta omsyn til vêr- og skredvarsel.
- Ver førebudd på uvêr og kulde, også på korte turar.
- Ta med naudsynt utstyr for å kunna hjelpa deg sjølv og andre.
- Ta trygge vegval. Kjenn att skredfarleg terreng og usikker is.
- Bruk kart og kompass. Vit alltid kvar du er.
- Vend i tide, det er inga skam å snu.
- Spar på kreftene og søk ly om nødvendig.



**HJELMELAND
KOMMUNE**

Hjelmeland Naturlegvis

Hjelmeland kommune, Vågavegen 116,
4130 Hjelmeland – Tlf: 51 75 00 00
postmottak@hjelmeland.kommune.no